

Spørsmål til fylkesutvalet 14. februar 2020

1. Arve Helle, A: Spørsmål om tannklinikken i Ulvik

«I sak 6/16 vedtok Hordaland fylkesting at tannklinikken i Ulvik vert opprettholdt og at ny vurdering skulle gjerast når kommunestruktur og oppgåver er avklart.

Eg er gjort kjend med at innbyggjarar frå Ulvik som må møte på Voss får beskjed at tannklinikken i Ulvik skal leggjast ned og at den tannpleiaren som var i Ulvik vart flytta til Voss i Desember 2019.

Kva er status for tannklinikken i Ulvik i dag?»

2. Anne Gine Hestetun, A: Overtaking av Stordalsprosjektet på E 134 i Etne kommune og vegskilt

«I fylkestinget i desember 2018, stilte Ap sin fylkestingsrepresentant Synnøve Solbakken følgjande spørsmål:

«Fylkestinget desember 2018:

Gjeld overtaking av Stordalsprosjektet på E 134 i Etne kommune og vegskilt ved E134/ Fv 48 til ferje Utåker/ Kvinnherad.

Er kjend med at Etne kommune har vert i møte med Statens vegvesen om overtaking av deler av gamle E 134.

I nemnde møte blei det informert om at Stordalsprosjektet som opna for 3 år sidan enno ikkje er overteke av vegvesnet, dermed blir ikkje skiltplanen realisert som tidligare vedteke.

Det er uforståeleg at ein fylkesveg mot eit fylkeskommunalt trafikknutepunkt med ferjesamband og snøggbåt ikkje skal vera skilta 3 år etter vegkrysset står ferdig, kun eit lite skilt viser Skånevik.

Undertegna spør om å få på plass:

- Skilt til Skånevik
- Ferjeskilt som viser Husnes (evt. Utåker/ Matre)
- Skilt med snøggbåt
- Skilt til Skånevik Fjordhotell

Dette er i samsvar med tidligare skilting i det gamle vegkrysset.

Det er viktig at dei vegfarande får informasjon om avstandar og ulike trafikknutepunkt i kommunar og langs fylkeskommunale vegar.

For næringsliv og reisande i Etne og Kvinnherad kommune er det fare for at manglande skilting reduserer bruken av dette viktige ferjesambandet.»

Svaret var, at skilting skulle vera på plass etter naudsynt prosess. Dette var kommunisert med Statens Vegvesen.

No, pr februar 2020, har ingenting skjedd. Næringslivet etterlyser realisering.

Spørsmål:

Når vil den nemnde skiltinga vera på plass?»